

Søker om større fly på Stord

18.07.2010

Lufthamnsjef og uskedeling Jan Morten Myklebust på Stord har no søkt om at større fly må få landa på Sørstokken.

I dag landar ATR-42 som Danish Air Transport nyttar der men når dei er inne til teknisk ettersyn ønskjer flyplassleiinga større fly.

ATR-42 har plass til 50 passasjerar medan ATR-72 (biletet) kan ta 78.

Men for å kunne ta i mot dei større flya må flyplassen ha unnatak frå regelverket.

Flya får ikkje ha med seg fleire enn 46 passasjerar og 2500 kilo drivstoff og det skal vera auka beredskap ved start og landing.

Og ein må disponera brannbil med 8.000 liter vatn og 500 liter skumvæske.

Blir krava oppfylt kan det gjes dispensasjon ut året.